

# Prognose for tilgang av norsk korn for sesongen 2020/2021

16. november 2020

Marknadsreguleringa i kornsektoren har som formål å sikre omsetninga av norsk korn og skape balanse i kornmarknaden i Norge. Norske Felleskjøp skal legge til rette for at alt norsk korn kan bli brukt best mogleg i samsvar med kvaliteten på kornet. Sentrale verkemiddel er tiltak mot periodiske overskott og råd til Landbruksdirektoratet om nødvendig supplering av importerte råvarer. Prognosar er grunnlaget for desse tiltaka og råda.

## Tilgangsprognose for norsk korn

Norske Felleskjøp sin prognose pr. november for tilgang av norsk korn er basert på analyse av historisk tilgang mot leveransar så langt i inneverande sesong. Vi gir følgjande prognose om forventta tilgang av norsk korn til engrosmarknaden i kornåret 2020/2021:

### Tilgang norsk korn (tonn)

	Gjennomsnitt 2015-19	Tilgang 2019	Prognose 2020	Prognose ifht siste 5 år	Prognose ifht siste år
Matkveite	162 200	205 800	<b>217 000</b>	134 %	105 %
Fôrkveite	178 500	224 000	<b>86 000</b>	48 %	38 %
Kveite i alt	340 700	429 700	<b>303 000</b>	89 %	71 %
Matrug	17 300	13 200	<b>8 000</b>	46 %	61 %
Fôrrug/rugkveite	22 200	37 500	<b>28 000</b>	126 %	75 %
Rug i alt	39 500	50 700	<b>36 000</b>	91 %	71 %
Bygg	515 000	540 100	<b>606 000</b>	118 %	112 %
Havre	248 600	218 200	<b>294 000</b>	118 %	135 %
Korn totalt	<b>1 143 800</b>	<b>1 238 800</b>	<b>1 239 000</b>	<b>108 %</b>	<b>100 %</b>
Erter	3 900	4 200	<b>4 000</b>	103 %	95 %
Oljefrø, åkerbønner	11 000	15 700	<b>15 000</b>	136 %	96 %
Korn, erter, oljefrø	<b>1 158 700</b>	<b>1 258 700</b>	<b>1 258 000</b>	<b>109 %</b>	<b>100 %</b>
Matandel kveite	48 %	48 %	<b>72 %</b>		
Matandel rug/rugkveite	44 %	26 %	<b>22 %</b>		

(Kjelde historiske data: Landbruksdirektoratet)

Prognosen tilseier at tilgangen av korn og proteinvekstar er 32 000 tonn høgare enn prognosert i september, som var basert på estimat av areal og dekaravling.

Det er mindre tilgang av kveite og større av bygg og havre. Av den prognoserte tilgang fôrrug/rugkveite, ventar vi at 25 000 tonn vil vere rugkveite.

## Kvaliteten på den norske matkveiten

Nofima/NMBU har undersøkt kvaliteten på matkveiten denne sesongen. Matmjølmøllene har utført baketestar. Oppsummert viser undersøkingane av årets matkveite at denne er av god kvalitet, med generelt sterk glutenkvalitet og høgt falltal.

Proteininnhaldet er litt høgare enn i 2019-avlinga.

Det er registrert lite DON i kornet også denne sesongen. Det er som vanleg meir DON i havre enn i andre kornslag, men nesten 80 % av havren har nivå under deteksjonsgrensa. På grunn av sein hausting er det høgare verdiar for DON i havre i Trøndelag enn i resten av landet. Det aktuelle innhaldet av DON vil ikkje påverke samla forbruk av norsk korn til kraftfôr.

## Fordeling av tilgangen

Basert på data frå Landbruksdirektoratet for fordelinga av avrekna korn pr. 06.11.2020 og korrigert for erfart endring gjennom sesongen, får vi følgjande prognose for klassefordeling og proteininnhald:

### Fordeling av matkveiten (tonn)

	Tilgjengeleg ny og overlagra matkveite	Klassefordeling tilgang totalt	Forbruk	Regulering	Fordeling etter regulering
Klasse 1	91 200	39 %	76 200	(15 000)	42 %
Klasse 2	15 800	7 %	15 800	-	9 %
Klasse 3	63 800	27 %	63 800	-	35 %
Klasse 4	21 300	9 %	21 300	-	12 %
Klasse 5	40 000	17 %	5 000	(35 000)	3 %
I alt	232 100	100 %	182 100	(50 000)	100 %

I vårkveiten er tilgangen svært konsentrert om ein sort i klasse 1, Mirakel. Dette er korn av god kvalitet som vil bli brukt, men det prognoserte kvantumet er større enn det som kan bli brukt i inneverande sesong og nødvendig overlaging er i prognosen sett til 15 000 tonn.

Tabellen under gir oversikt over den prognoserte bruken av tilgjengeleg norsk korn til ulike formål:

### Fordeling av norsk korn mellom matkorn og fôrkorn (tonn)

Kornbalanse (tonn)	Matkveite	Matrug	Fôrkveite	Fôrrug	Bygg	Havre	Fôrkorn
Overlagra frå sesongen før	15 000	0	0	0	0	0	0
Prognosert ny tilgang	217 000	8 000	86 000	28 000	606 000	294 000	1 014 000
Matkorn til fôr/fôrkorn til mat	0	0	0		-3 000	-38 000	-41 000
-Omdisponering matkorn	-35 000	0	35 000				35 000
Tilgjengeleg	197 000	8 000	121 000	28 000	603 000	256 000	1 008 000
Forbruk	182 000	8 000	121 000	28 000	603 000	256 000	1 008 000
Overlagring korn	15 000	0	0	0	0	0	0

Omdisponeringa av matkveite til fôr i tabellen over, er klasse 5 som det ikkje vil vere marknad for til mat etter sesongen 2020/2021. Delar av overskottet, knapt 9 000 tonn, er fordelt for omdisponering til fôr i oktober.

## Forbruksprognose

### Matkorn

Den norske marknaden for matkveite har i lang tid vore fallande. Forbruket har stabilisert seg i sesongen 2019/2020, påverka av endra forbruk etter koronapandemien. Prognosen føreset at forbruket vil vere på tilsvarande nivå også i 2020/2021. Foredlinga av grynhavre hos norske matmjølmøller aukar.

Prognosen for forbruk av matkorn nedanfor er basert på forbruksstatistikk til og med september 2020. I prognosen er trendutviklinga i dei tre siste sesongane lagt til grunn:

Matkornforbruk pr kornsesong (tonn)					
Sesong	Kveite	Rug	Bygg	Havre	Sum
2015/2016	276 701	21 122	3 517	30 281	331 621
2016/2017	279 211	21 177	3 232	30 145	333 765
2017/2018	273 813	22 080	3 450	35 727	335 070
2018/2019	268 670	19 843	3 002	35 210	326 725
2019/2020	269 822	19 265	3 155	39 971	332 213
Prognose 20/21	270 000	19 000	3 000	41 000	333 000
Endring	0,1 %	-1,4 %	-4,9 %	2,6 %	0,2 %

(Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet)

### Kraftfôr

Forbruksprognosane for fôrkorn baserer seg på registrert sal av kraftfôr til og med 3. kvartal i år. Vidare er og produksjons- og salsprognosar for husdyrprodukt brukt opp mot trend for forbruk av kraftfôr pr. kg husdyrprodukt.


Det er lagt til grunn at god kvalitet på grovfôret i Sør-Norge reduserer forbruket av kraftfôr til drøvtyggarar, medan situasjonen nordafjells er meir prega av for lite grovfôr. I gjennomsnitt for mjølkeproduksjon og kjøttproduksjon har vi lagt til grunn at forbruket av kraftfôr går ned med 5 %. Omsetninga av «anna» kraftfôr er justert ned med 3 000 tonn som følgje av nedgang i forbruk av fôr til pelsdyr.

Forventa omsetning frå og med 4. kvartal i år og til og med 3. kvartal neste år er prognosert under:

Kraftfôromsetning per kornsesong (tonn)					
	Drøvtyggar	Svin	Fjørfe	Anna	Sum
4K15 - 3K16	1 012 834	498 346	436 699	19 094	1 966 973
4K16 - 3K17	1 004 677	491 545	458 736	16 823	1 971 781
4K17 - 3K18	1 053 443	487 750	444 983	16 753	2 002 929
4K18 - 3K19	1 095 611	462 859	470 179	16 882	2 045 531
4K19 - 3K20	1 031 985	463 398	478 428	16 878	1 990 689
Prognose 20-21	1 022 000	457 000	491 000	14 000	1 984 000
Endring	-1,0 %	-1,4 %	2,6 %	-17,1 %	-0,3 %

(Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet)

I prognosen er lagt til grunn 71 % karbohydrat i kraftfôret i sesongen 2020/2021 basert på oppdatert statistikk pr. 3. kvartal i år og normal utvikling frå eit kvartal til neste. Registrert utvikling og prognose er illustrert i figuren under:



Behovet for karbohydratråvarer til kraftfôr i norsk kraftfôrindustri avheng av den samla produksjonen av kraftfôr og andelen karbohydratråvarer i kraftfôret:

Forbruk av karbohydratråvarer (tonn)		
Kraftfôrsal	1 984 000	
Andel karbohydratråvare	71,0 %	
Behov karbohydratråvarer		1 409 000
-Tilgang av kli frå norske matmjølmøller		54 000
Behov for karbohydratråvarer eksklusiv kli i kraftfôr		1 355 000

## Import av råvarer for å supplere tilgangen av norsk korn

Import av matkorn og av karbohydratråvarer til kraftfôr blir fordelt av Landbruksdirektoratet gjennom auksjonar i august, november og mai. I august kan fordelast 25 – 55 % av prognosert import, i november 50 – 80 % av oppdatert prognosert importbehov og resten i mai etter oppdatert prognose.

### Importbehov matkorn

Importkvoten for matkorn vert gitt som ei samla kvote. Som grunnlag for tilråding om den samla importkvoten er suppleringsbehovet for dei enkelte kornslaga vurdert for seg.

### Havre til gryn

Grynhavre for foredling i Norge utgjer ein relativt liten del av samla tilgang av norskproduert havre og havre til mat blir i utgangspunktet ilagd maksimal WTO-toll ved import. Tilgangen av økologisk

grynhavre er normalt ikkje tilstrekkeleg til å dekkje forbruket og Landbruks- og matdepartementet har gitt dispensasjon for import av 3 000 tonn økologisk mathavre innafor importkvota for matkorn i sesongen 2020/2021. I 2020 har vêret vore gunstig og NFK legg til grunn at det vil vere unødvendig med import av konvensjonell grynhavre.

### Suppleringsbehov

Ut frå prognosert totalt forbruk av matkorn og prognosert tilgang av norskprodusert matkorn, vil det vere trong for følgjande supplerande import av matkorn i sesongen:

Importbehov matkorn (tonn)					
	Kveite	Rug	Bygg	Havre	Sum
Forbruksprognose	270 000	19 000	3 000	41 000	333 000
Norsk matkorn	182 000	8 000	3 000	38 000	231 000
Underdekning matkorn	88 000	11 000	0	3 000	102 000

Av totalt forbruk av matkorn i Norge vil andelen norsk med dette bli 69 % i sesongen.

### Behov for kvote for import av matkorn

Ved fastsetting av kvote for import med redusert toll skal det takast omsyn til import frå MUL-land og til særskilt avtalte kvoter med andre land. Det er ikkje søkt om GSP-lisensar for import av matkorn. Det er lagt til grunn at durumimporten kan skje innanfor bilateralt avtalte kvotar og kvantumet er sett likt sist kjende kalenderår. Dette tilseier følgjande kvote for auksjonen i november:

Prognosert suppleringsimport matkorn, november 2020 (tonn)	
Prognosert importbehov, sesong	102 000
- Import under kvoter for durumkveite	-1 400
Suppleringsimport inklusive MUL-import	100 600
Importbehov desember-mai inklusive MUL-import	80 % 80 000
- Tildelt importkvote i august	-33 000
- Lisensiert nulltollimport frå MUL-land	0
<b>Prognosert suppleringsbehov med administrert toll</b>	<b>47 000</b>

### Importbehov for karbohydratråvarer til kraftfôr

Import av karbohydratråvare skal dekke opp underskott av norsk fôrkorn. Suppleringsimport skjer ved bruk av bilateralt avtalte tollfrie kvoter, først og fremst med EU, ved tollfri import frå MUL-land og ved auksjonerte kvoter for suppleringsimport med ein tollsats som kostnadmessig likestiller norsk og importert vare.

### Minimums import av karbohydratråvarer

Med dagens husdyrproduksjon trengs det alltid tilførsel av enkelte råvarer som berre er tilgjengelege i form av import<sup>1</sup>. I år med stor produksjon av norske råvarer kan det difor bli krevjande å finne avsetnad for heile den norske tilgangen av fôrkorn. Norske Felleskjøp har difor vurdert behovet for minimumstilgang av importerte karbohydratråvarer:

<sup>1</sup> Norske Felleskjøp, rapport «Rom for bruk av norsk korn» av 01.12.2017

<b>Minimusbehov for import av karbohydrat (tonn)</b>	<b>Minimum</b>	<b>Robust</b>
Minstekvote for auksjon i sesongen	207 000	306 000
+ Kvoter for mais og maisgrits - EU	25 000	25 000
+ Kvote for roemelasse - GSP	40 000	40 000
+ MUL; importert og lisensiert import	11 500	11 500
Minimumstilgang til import i sesongen	284 000	383 000

Føresetnadane over gir følgjande rom for leveransar av norsk fôrkorn til industrien:

<b>Rom for norsk korn (tonn)</b>	<b>Minimum</b>	<b>Robust</b>
Totalt behov for karbohydrat	1 355 000	1 355 000
Minimumsbehov for import i sesongen	-284 000	-383 000
Teoretisk rom for norsk fôrkorn	1 071 000	972 000

Vi viser til tabell i vedleggsdelen for utrekninga av minstekvotene for auksjon.

Den føresette bruken av norsk korn følgjer av ei vurdering av kravet til minimumsimport og den faktiske tilgangen som er vist tabellen Fordeling av norsk korn mellom matkorn og fôrkorn ovanfor i prognosen.

### **Totalt behov for supplering av importerte karbohydratråvarer**

Basert på prognosert tilgang av norskprodusert fôrkorn og prognosert samla forbruk av karbohydratråvarer prognoserer vi det aktuelle importbehovet i sesongen:

<b>Suppleringsbehov karbohydratråvarer (tonn)</b>	
Karbohydratråvarer eksklusiv kli i kraftfôr *)	1 358 000
Estimert rom for norsk fôrkorn 1 071 000	
Prognosert forbruk av norsk korn til fôr i sesongen 1 008 000	
Bruk av norsk korn til fôr etter svinn **)	-998 000
<b>Underdekning av karbohydratråvare totalt - importbehov</b>	<b>360 000</b>

\*) Importert karbo ikkje brukt i kraftfôr 3 000 tonn \*\*) Svinn 1,0 %

Dette gir ein andel norsk korn og kli i kraftfôret på 53 % i sesongen.

### **Avtalte importkvotar for karbohydratråvarer**

For ein del av råvarene til kraftfôr er det fri tilgang til lisensiert tollfri import frå MUL-land. Dette kvantumet blir trekt frå totalt importbehov før utrekning av kvoter for tildeling på auksjon. For perioden 01.08.2020 – 07.11.2020 er det importert 1 900 tonn karbohydratråvarer frå MUL-land. I tillegg er det gitt lisensar for import av 9 600 tonn i perioden 08.11.2020 – 24.04.2021.

EU er gitt tilgang til tollfri eksport av 15 000 tonn mais og 10 000 maisgrits til Norge pr. år. GSP-land er gitt kvote til Norge på 40 000 tonn tollfri melasse til dyrefôr pr. år. Desse kvotane blir føresett utnytta.

## Behov for kvote for import av karbohydratråvarer med administrert toll

Norske Felleskjøp prognoserer følgende suppleringsbehov i form av importkvote for karbohydratråvarer ved auksjonen i november.

Prognosert suppleringsimport karbohydrat, november 2020 (tonn)	
Prognosert behov for import i sesongen	360 000
- Kvoter for mais og maisgrits - EU	-25 000
- Kvote for melasse - GSP	-40 000
Korreksjon for ubrukte MUL-lisensar i siste kvoteår	200
Suppleringsimport inklusive MUL-import	295 200
Importbehov des-mai inklusive MUL-import	80 % 236 000
- Tildelt importkvote i august	-125 000
- MUL; import august-november og lisensar november-april	-11 500
<b>Prognosert suppleringsbehov med administrert toll</b>	<b>99 000</b>

## Behovet for importkvote for oljefrø til kraftfôr

Suppleringsimport av oljefrø vert fordelt på auksjonane i august og november. Eventuell forventa import frå MUL-land går utanom desse kvotane. Forbruket av oljefrø er aukande og er justert opp i forhold til estimatet i augustprognosen. Vi har estimert andelen av åkerbønner av den prognoserte tilgangen av oljefrø, åkerbønner og lupinar til 53 %. Dette gir følgende balanse for oljefrø:

Importbehov oljefrø 2020/2021	
Forbruk til kraftfôr	15 000
- Tilgang norsk oljefrø	-7 000
+ Forbruk til matolje	1 400
<b>Importbehov oljefrø</b>	<b>9 400</b>

Dette gir følgende importbehov ved auksjonen i november:

Prognosert suppleringsimport oljefrø, november 2020 (tonn)	
Importbehov oljefrø	9 000
- Tildelt importkvote i august	-3 000
Korrigert importbehov	6 000
- Forventa MUL-import utviklingsland	0
<b>Prognosert suppleringsbehov med administrert toll</b>	<b>6 000</b>

## VEDLEGG

### Tilgang korn historisk og prognosert (tonn)

	Matkveite	Førkveite	Kveite i alt	Matrug	Førrug og rugkveite	Rug/rugkveite i alt
2004/05	336 060	55 818	391 878	33 192	5 811	39 003
2005/06	355 252	22 663	377 915	25 872	7 563	33 434
2006/07	219 365	120 726	340 091	19 940	4 690	24 630
2007/08	303 085	78 421	381 506	25 080	13 226	38 305
2008/09	128 406	305 198	433 604	20 016	26 657	46 673
2009/10	86 290	177 773	264 064	8 961	17 996	26 957
2010/11	184 820	127 429	312 249	16 182	17 585	33 767
2011/12	40 504	229 783	270 287	4 747	11 478	16 225
2012/13	174 164	84 459	258 623	2 853	2 025	4 878
2013/14	171 406	26 345	197 741	11 700	949	12 649
2014/15	218 538	152 437	370 976	31 266	6 764	38 030
2015/16	147 783	325 024	472 806	36 599	29 524	66 123
2016/17	224 867	65 522	290 389	13 457	9 529	22 987
2017/18	148 389	235 715	384 104	20 925	28 852	49 777
2018/19	84 394	42 232	126 626	2 438	5 319	7 757
2019/20	205 774	223 960	429 734	13 200	37 534	50 735
13. august	209 000	145 000	354 000	17 000	34 000	51 000
21. september	255 000	109 000	364 000	14 000	41 000	54 000
<b>Prognose</b>	<b>217 000</b>	<b>86 000</b>	<b>303 000</b>	<b>8 000</b>	<b>28 000</b>	<b>36 000</b>

### Tilgang korn (tonn)

	Bygg	Havre	Sum korn	Erter	Oljefrø, åkerbønner, lupiner	Rugkveite <sup>1)</sup>
2004/05	599 521	353 222	1 383 624	2 476	12 237	642
2005/06	557 297	264 385	1 233 032	3 400	11 220	223
2006/07	508 919	233 840	1 107 480	5 934	9 519	49
2007/08	456 091	260 427	1 136 329	8 691	8 966	67
2008/09	528 749	310 348	1 319 374	6 590	9 722	353
2009/10	447 484	268 224	1 006 728	6 818	6 819	248
2010/11	512 424	287 128	1 145 568	6 445	10 165	466
2011/12	462 313	219 982	968 807	2 272	8 577	116
2012/13	541 984	219 864	1 025 348	1 869	11 315	184
2013/14	481 412	212 421	904 222	963	6 015	413
2014/15	499 483	270 309	1 178 797	2 087	9 648	1 262
2015/16	479 308	269 156	1 287 394	3 535	10 403	3 926
2016/17	601 722	339 272	1 254 370	5 070	11 450	3 861
2017/18	544 725	269 813	1 248 420	3 762	10 226	17 058
2018/19	409 082	146 671	690 137	2 729	7 238	4 704
2019/20	540 141	218 183	1 238 793	4 222	15 667	26 820
13. august	506 000	253 000	1 164 000	3 000	11 000	
21. september	526 000	268 000	1 212 000	3 000	11 000	
<b>Prognose</b>	<b>606 000</b>	<b>294 000</b>	<b>1 239 000</b>	<b>4 000</b>	<b>15 000</b>	<b>25 000</b>

Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet

1) Bli rekna som førrug i statistikk og prognose



## Minste behov for import basert på NFK-rapport av 01.12.2017

Importvurdering karbohydrat (tonn)	Rapport 01.12.2017		Denne sesongen	
	Minimum	Robust	Minimum	Robust
Kraftfôromsetning	1 971 781		1 984 000	
Behov for betepulp/roesnittar	75 000	90 000	75 000	91 000
Behov for mais	50 000	70 000	50 000	70 000
Behov for melasse	60 000	60 000	60 000	60 000
Behov for økologisk vare		15 000	15 000	15 000
Behov for kveite	200 000	250 000	201 000	252 000
Behov for fiberråvare	50 000	70 000	50 000	70 000
Minimums behov for essensielle karbohydratråvarer	435 000	555 000	451 000	558 000
Norsk førkveite inneverande sesong			-121 000	-121 000
Norsk kli inneverande sesong			-50 000	-54 000
<b>Suppleringsbehov karbohydratråvare</b>			<b>280 000</b>	<b>383 000</b>
Behov dekt av bilaterale kvoter - mais og melasse			-65 000	-65 000
Importbehov fiber dekt av MUL-import			0	-3 200
Importbehov melasse dekt av MUL-import			-8 300	-8 300
<b>Minimumskvoter til auksjon</b>			<b>207 000</b>	<b>306 000</b>

## Presisjonsnivå i prognosane

Erfart presisjonsnivå i prognosane for ulike tidspunkt i siste femårsperioden er vist under:

Avvik mellom prognoserte og registrerte kvanta 2015-19				
		Snitt absoluttverdiar		
		August-prognose	November-prognose	Mai-prognose
Tilgang	Kveite	7 %	2 %	0 %
	Bygg	11 %	2 %	0 %
	Have	8 %	2 %	0 %
	Korn	9 %	2 %	0 %
Forbruk	Drøv	3 %	3 %	1 %
	Svin	2 %	2 %	2 %
	Fjørfe	3 %	3 %	1 %
	Kraftfôr	1 %	1 %	1 %
Forbruk	Matkveite	1 %	1 %	2 %
	Grynhavre	7 %	8 %	9 %
	Matkorn	1 %	1 %	1 %

## Areal

Arealet som inngår i Norske Felleskjøp sine prognoser er arealet bak råvarer til matmjøl- og kraftfôrindustrien. Dette vil avvike noko frå andre oppstillingar av arealet.

Førebelse tal frå Landbruksdirektoratet tyder på at areal med korn har auka i 2020, men med mindre haustkveite og meir bygg og havre enn vi la til grunn i august og september:

Arealfordeling 2015 - 2020 (dekar)							Endring frå 2019	Endring/ august	August- prognose
	2015	2016	2017	2018	2019	2020*			
Haustkveite	375 711	114 213	302 794	99 275	426 143	191 000	-235 000	-76 000	267 000
Vårkveite	480 096	552 434	453 771	485 939	375 570	483 000	107 000	18 000	465 000
<b>Kveite</b>	<b>855 807</b>	<b>666 647</b>	<b>756 565</b>	<b>585 214</b>	<b>801 713</b>	<b>674 000</b>	<b>-128 000</b>	<b>-58 000</b>	<b>732 000</b>
Rug, rugkveite	104 104	45 460	83 628	33 166	92 842	65 000	-28 000	-33 000	98 000
Bygg	1 225 484	1 367 167	1 341 631	1 471 834	1 298 685	1 390 000	91 000	117 000	1 273 000
Havre	629 935	758 377	672 555	694 421	547 400	664 000	117 000	27 000	637 000
<b>Korn</b>	<b>2 815 330</b>	<b>2 837 651</b>	<b>2 854 379</b>	<b>2 784 635</b>	<b>2 740 640</b>	<b>2 793 000</b>	<b>52 000</b>	<b>53 000</b>	<b>2 740 000</b>
Oljefrø, åkerbønner	43 407	53 101	39 302	54 723	49 605	56 000	6 000	6 000	50 000
<b>Korn/oljvekstar</b>	<b>2 858 737</b>	<b>2 890 752</b>	<b>2 893 681</b>	<b>2 839 358</b>	<b>2 790 245</b>	<b>2 849 000</b>	<b>59 000</b>	<b>59 000</b>	<b>2 790 000</b>

Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet

## Avlingsnivå

Prognosert tilgang korrigert for brukt til såkorn m.m. stilt saman med førebels registrert areal gir avlingsnivå som vist i tabellen under:

### Avling, kg/dekar

Kornslag	2015	2016	2017	2018	2019	2020*	I forhold til 2019	Ti års snitt	I forhold til ti års snitt
Kveite	574	465	531	236	552	469	85 %	450	104 %
Rug	635	509	598	238	548	548	100 %	472	116 %
Bygg	414	465	462	300	444	462	104 %	390	118 %
Havre	452	473	424	226	419	460	110 %	377	122 %
<b>Totalt korn</b>	<b>479</b>	<b>468</b>	<b>478</b>	<b>267</b>	<b>474</b>	<b>465</b>	<b>98 %</b>	<b>406</b>	<b>115 %</b>
Oljefrø, åkerbønner	245	229	298	133	317	269	85 %	215	125 %